

## Energi og eksperi i bark og andre fuktige brensel

Ivar S. Ertesvåg  
Institutt for mekanikk, termo-  
og fluidodynamikk, NTNU  
ivar.s.ertesvag@mtf.ntnu.no

juli 2000/sept. 2000

### 1 Brennverdi og kjemisk eksperi

Vi definerer *brennverdi* ved hjelpe av eit tenkt brennkammer. Vi tilfører brensel og luft ved ein viss temperatur (som vi må velje ut frå ein eller annan standard). Det brenn, og vi tek ut så mykje varme at forbrenningsproduktet vert kiggle ned til den same temperaturen som brensel og luft hadde. Den varmen vi tek ut, er altså brennverdi.

Nedre brennverdi definerer vi slik at reaksjonen er fullstendig og at all H<sub>2</sub>O i forbrenningsproduktet er i dampform. Øvre brennverdi definerer vi likeins, men slik at all H<sub>2</sub>O i forbrenningsproduktet er i vaseform. Skilnaden mellom desse to vert altså kondensvarmen til vatnet.

Biobrensel inneheld vanlegvis vatn. Noko av energien gå med til å fordampre dette vatnet. Vi definerer effektiv brennverdi som nedre brennverdi for det fuktige brensel (tørrstoff og vatn til saman).

Kjemisk eksperi er det arbeidet ein kan få ut av brensel om ein fører det til jamvekt med omgjevnadene gennom ein reversibel prosess. Det er altså det maksimale arbeidet frå brensel. Verdien ligg ofte ikkje sa langt unna brennverdien.

Når det er snakk om energi i brensel, er det (med ingen eller svært få unntak) nedre brennverdi. For fuktige brensel reknar ein med effektiv brennverdi (nedre brennverdi for det fuktige brensel).

### 2 Effektiv brennverdi

Nedre brennverdi for tørrstoffet er  $h_{\text{is}}$  (kJ/kg), fuktinhaldet er  $w = m_{\text{vann}}/(m_{\text{is}} + m_{\text{vann}})$  (kg vatn per kg fuktig brensel), og fordampingsvarmen for vatn er  $h_{\text{fg}}$ . Då er effektiv brennverdi:

$$h_{\text{eff}} = h_{\text{is}} \cdot (1 - w) - h_{\text{fg}} \cdot w = h_{\text{is}} - (h_{\text{is}} + h_{\text{fg}})w. \quad (1)$$

Dette er nedre brennverdi for blandinga av tørrstoff og vatn; vi har rekna vatnet i avgassen som damp.

Fordampingsvarmen,  $h_{\text{fg}}$ , for vatn finn vi frå damptabellar, t.d. i Moran og Shapiro (1998:721). Verdien er 2442,3 kJ/kg ved 25 °C, 2528,9 kJ/kg ved 15 °C, og 2501,3 kJ/kg ved 0 °C.

For rekningsvergar kan vi setje  $h_{\text{is}} = 19 \text{ MJ/kg}$  (dvs pr. kg tørrstoff). Fersk bark har typisk om lag 60 % fukt ( $w = 0,6$ ). Med desse verdiane får vi  $h_{\text{eff}} = 6,1 \text{ MJ/kg}$ .

### 3 Kjemisk eksperi

Her kan vi bruke ein empirisk formel gjeven av (Kotas 1995:267f): For tørr, faste brensel med eit visst oksygeninnhald er

$$\varphi_{\text{dry}} = \left( \frac{\varepsilon^{\circ}}{h_{\text{br},n}^{\circ}} \right)_{\text{is}} = \frac{1,0438 + 0,1882 \frac{h}{c} - 0,2509 \left( 1 + 0,07256 \frac{h}{c} \right) + 0,0383 \frac{h}{c}}{1 - 0,3035 \frac{h}{c}} \quad (2)$$

Her er  $h/c$  høvet mellom masse av hydrogen og masse av karbon i brensel, og  $n/c$  og  $o/c$  tilsvarende for nitrogen og oksygen. Denne formelen gjeld for  $o/c$  frå 0,667 til 2,67 og skal vere nøyaktig innafor ±1%. Høgt merketeknikn o viser til at verdien er for referansetilstanden (25 °C, 1 atm). Dette er verdien for tørrstoff. For fuktige brensel vert høvet mellom kjemiskeksperi og effektiv brennverdi

$$\varphi = \frac{(\varepsilon_o)_{\text{fukt}}}{h_{\text{eff}}} = \frac{(1-w)\varepsilon_{\text{o},\text{is}}}{(1-w)h_{\text{is}} - w h_{\text{fg}}} = \left( 1 - \frac{w}{1-w} \frac{h_{\text{fg}}}{h_{\text{is}}} \right)^{-1} \varphi_{\text{dry}}. \quad (3)$$

For bark kan vi bruke samansetjinga (massebasis) 50,0 % C, 6,1 % H, 42,7 % O og 1,2 % N (analysedata kan variere nok). Det gjev  $h/c = 0,123$ ,  $n/c = 0,024$ ,  $h/o = 0,853$ , og  $\varphi_{\text{dry}} = 1,072$ .

Med  $w = 0,60$ ,  $h_{\text{is}} = 19 \text{ MJ/kg}$  og  $h_{\text{fg}} = 2,5 \text{ MJ/kg}$ , får vi  $\varphi = 1,34$ ,  $h_{\text{eff}} = 6,1 \text{ MJ/kg}$  og  $\varphi_o = \varphi \cdot h_{\text{eff}} = 8,2 \text{ MJ/kg}$ .